



Beatles for fullt hus

Dei tok publikum med storm. Samfunnshuset i Sandeid var fylt til randa då KORê Vindafjord kjørte kabareten «Beat for Beatles» i gong i beste flower power stil.

GRETHE H. RAVN

Ikke ein einaste stol var ledig i salen denne onsdagskvelden. Folk hadde tydeligvis har gått mann av huse for å få med seg akkurat denne kabareten. Det er stemming, med levande lys langs heile scena og power point sørgjar for vakre bilete på lerret!

Så kjem dei inn, den eine kor medlemen vakrare enn den andre! Dei er som tatt ut av tida på 70-talet, med både hippie sveisar og fargerike klede.

Primus motor, Lasse Jamer set seg på pianokrakken, så brakar det laus!

Skyhøg list

«Eight days a week» er først ut, og koret beviser for alvor at dette kan dei. Klokkeklare samstemte stemmer, med ein behageleg klang og kraftig volum legg utvilsamt lista skyhøgt for resten av førestillinga.

— Det er påstått at folk som syng i kor har eit betre liv, fortel Eva Kalstveit i velkomsttalen sin. Kveldens start kan nok overbevise kvar og ein at dette kan det vera sanning i.

«All you need is love» var neste song ut. Nils Erik Eide og Torgeir Eidhammer var solistar som imponerte stort med sine kraftige og røffe stemmer. Så kom kjente og kjære låtar som perler på snor. Publikum i salen var representert i absolutt alle aldrar, og det var ikkje



Stor oppleving både musikalsk og visuelt. «All you need is love» framført med Torgeir Eidhammer (t.v.) og Nils Erik Eide i spissen.

FOTO: GRETHE H. RAVN

vanskeleg å sjå at desse songane var kjente for dei aller fleste!

Applaus

The Beatles er for lengst legendariske i den musikalske verda, og det ser ut for at dei kjem til å leve evig. Nye generasjonar Beatles-fans veks tilsynelatande opp heile tida. «Blackbird», «Mother Nature's son» og «Across the univers» vart framførte, der sistnemnde vart ein duett framført av Jarle Kringlebotten og Monica Stangeland. Så vakkert – så vakkert!

«Something» braka laus og Svein Sæle framførte sin einaste solo i cabareten. Noko som rett og slett var synd for publikum – for maken til stemme og framføring av ein låt skal ein nok leite lenge etter.

Prestasjonen fekk som fortent frå publikum; endelaus applaus!

Allsong

To allsongar i programmet var også eit populært innslag for publikum. «Yellow submarine» og «Let it be» var to kjende songar for alle, og salen song med av full hals.

«Here comes the sun», «Norwegian wood», «Fool on the hill» og legendariske «When I'm 64» følgde så, og det var ikkje berre publikum som fekk valuta for pengane sine. Det såg også ut som om heile koret levde der dei sto.

Etter «In my life» med Gunn Raket Tjelle Jamer i spissen, avslutta koret med ein medley. Her var Jarle Kringlebotten, Torgeir Eidhammer og Nils Erik Eide solide solistar.

Koret som består av tilsette i Vindafjord kommune, er ein gjeng som ikkje hadde noko særleg songerfaring før dei starta opp for rundt tre år sidan. Kveldens kabaret viser nok at læringskurva har vore bratt og at dei no er komne langt – svært langt! Koret viser talent i bøtter og spann og det finnest ikkje ein einaste grunn for at dette er det siste me høyrer frå KORê Vindafjord. Vel blåst!

Monica Stangeland imponerte stort. Med lys og klar stemme framførte ho «Across the universe», akkompagnert mellom anna av Jarle Kringlebotten på gitar og som medsolist, sjølv sagt med koret i ryggen.



HallSkjold nedstemt

Fleirbrukshallen i Skjold bli heitande Skjold Bygdahus. Nå er det opp til eigarane om dei vil behalda namnet.

KARLA AKRA

Etter tre avstemningsrundar på årsmøtet i Skjold Bygdahus SA torsdag kveld blei det ikkje noko namneendring på det nye bygget i Skjold. Det har i forkant av møtet vore ein aktiv debatt kring namnet, og fleire alternativ var lufta.

På årsmøtet sto valet mellom Skjold Arena, Vikaneshallen og HallSkjold kultur- og sportsarena. Styret i Skjold Bygdahus hadde innstilt på sistnemnde. Etter to avstemningsrundar sto årsmøtet att med Skjold Arena.

Namnet trengde likevel to tredjedelars fleirtal for å gå gjennom,



og mangla to stemmer for å få endeleg gjenomsag. Difor blir Skjold Bygdahus ståande, inntil vidare. Nyvald formann i Skjold Bygdahus, Jarle Haugen seier det var nokre signal om omkamp kring namnet frå halleigarane i lag og organisasjonar.

— Det var vanskeleg å seia kva namn me ville enda på i forkant, men eg tykkjer jo det var litt trist at det ikkje blei nytt namn. Nå får det vera opp til eigarane si vurdering om dei vil ha eit ekstraordinært årsmøte for omdøyping, seier Haugen.

SuDoku

9	1		4		8			
			6					
7	8		9		6			
	7							6
6		5			7		2	
4							5	
		2			3		4	8
				8				
	4			5			6	1

9	2	6	3	5	8	1	4	7
5	4	7	2	1	6	9	8	3
3	8	1	4	7	5	6	2	9
1	7	4	9	3	5	8	2	6
8	3	9	1	6	2	4	7	5
2	6	5	8	4	7	3	9	1
4	1	2	7	3	6	5	9	8
7	5	8	6	9	1	2	3	4
6	9	3	5	2	4	7	1	8

Svar på forrige Sudoku

Fyll ut dei tomta rutene med tal frå 1 til 9, både vassrett, loddrett og i kvadrata.